

24. mars 2022

## ***Ulstein kommune – nær pensjonsalder?***

Den siste tida, kan det for mange verke som ordførar og kommunedirektør planlegg pensjonisttilværet for Ulstein kommune.

Dei foreslår å gjere kutt som rammar barn og unge, og som avviklar fleire av grendene våre. Kanskje må kommunen også gjere fleire kutt, i tenester og tilbod ein ikkje lenger kan betale for. Det verkar kanskje fornuftig, dersom pensjonisttilværet var realiteten for kommunen vår?

Dette er sjølv sagt fullstendig skivebom!

Ulstein kommune har, slik eg vurderer det, vore den føretrekte kommunen å etablere seg i på Søre Sunnmøre dei siste 10–20 åra. Kommunen har bygd opp tilbod og lagt til rette for vekst, både for folk og næringsliv. Dette har gjeve resultat.

Ulsteinvik har i dag eit sterkt sentrum og mangfaldig tilbod. Her er vekstmogleheter for bedrifter og gode arbeidsplassar. Ein har til og med eit skaparhus. Vi har eit breitt tenestetilbod i kommunen, og eit variert og allsidig kulturtilbod. Og ikkje minst, her er levande bygder og gode stadar å bu – for alle.

Eg er sjølv tilflyttar til Ulstein kommune. Eg er gründer. Eg har vore med på å etablere fleire verksemder i kommunen, nettopp av den grunn at kommunen har satsa og lagt til rette for framtida. Og at vi har funne ein fantastisk flott stad å bu, i ei av grendene i kommunen.

Næringslivet treng at dei tilsette har attraktive stadar å bu, for å kunne rekruttere kvalifisert kompetanse. Dette har vi i dag, mellom anna på grunn av fantastisk natur, eit sterkt sentrum og levande bygder. Ei breidde i lokalsamfunnet som resulterer i at Ulstein kommune er attraktiv.

Dersom ordføraren bryt løftet til veljarane sine, og går inn for skulenedlegging, så går han også inn for å bygge ned næringslivet. Han må då stå til ansvar for at bedriftene ikkje lenger får tak i nok kvalifisert arbeidskraft. Han må då stå til ansvar for at etablerte bedrifter i Ulstein truleg bygger ned eller flyttar – i staden for å satse.

### ***Kven skal då betale for pensjonisttilværet?***

Eg vil på det sterkeste oppfordre ordføraren, og øvrige politikarar i Ulstein: De må satse på framtida og legge til rette for at grendene i Ulstein framleis blir gode stadar å bu, og at kommunen vår held fram med å vere den føretrekte staden å etablere seg på Søre Sunnmøre.

**Ole Theodor Hovden**  
Gründer/næringsdrivande